
Saksnr: 2020/50025-5
Saksbehandlar: Marita Onarheim Rong

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Omklassifisering av ein del av E39 frå rundkøyring ved Heiane til Skjersholmane ferjekai i Stord kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at følgjande strekningar av E39 i Stord kommune vert omklassifisert til fylkesveg:
 - Ev39 hp50 m0 - m2728
 - Ev39 hp469 m0 - m95
 - Eg39 hp50 m0 - m2520
2. Fylkesutvalet legg til grunn at før vegen vert nedklassifisert til fylkesveg, skal den utbedrast i samsvar med tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer.

Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av ein del av E39 frå rundkøyring ved Heiane til Skjersholmane ferjekai i Stord kommune. Denne strekninga har ein naturleg samanheng med fv. 500 på Halsnøya i Kvinnherad kommune via ferjesambandet frå Skjersholmane ferjekai. Strekninga fungerer også som omkøyringsveg dersom hovudvegen via Bømlafjordtunnelen blir stengd.

Fylkesrådmannen har vurdert det slik at vegen sin funksjon tilseier at denne delen av E39 bør ha fylkesvegstatus. Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå at dei nemnde vegstrekningane frå rundkøyring ved Heiane til Skjersholmane ferjekai vert omklassifisert til fylkesveg.

Fylkesrådmannen føreset at ein omklassifisering av strekningane samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har starta ein prosess med å omklassifisere ein del av E39 til fylkesveg.

Omklassifisering vil seie å endre vegen sin veghaldar. Totalt har ein fire hovudtypar av veghaldarar, der det er veghaldar knytt til riksveg, fylkesveg, kommunal veg og privat veg. Dersom ein ny veg har teke over ein annan veg sin funksjon, eller at ein ved gjennomgang av eksisterande vegar sin funksjon kan sjå at det er grunnlag for omklassifisering, vil ein gjennomføre dette etter gjeldande krav og lovar.



Figur 1: Oversiktskart over aktuell strekning frå Heiane til Skjersholmane ferjekai.

Historikk og dagens situasjon

Den aktuelle delen av E39 vart tidlegare erstatta av ny veg som i dag går via Bømlafjordtunnelen i samband med opning av Trekantsambandet. Då Bømlafjordtunnelen og Stordabrua vart opna for trafikk gjekk ferjesambandet Skjersholmane - Valevåg ut av ordinær drift. Den aktuelle vegen fungerer i dag som veg mellom E39 og Skjersholmane ferjekai, men er også ein samleveg for omkringliggende område. Dersom Bømlafjordtunnelen vert stengd, til dømes på grunn av arbeid i tunnel eller ved ulykker, kan trafikken bli avvikla med ferjer mellom Skjersholmane og Valevåg. Det er vidare opplyst at Bømlafjordtunnelen hadde ei trafikkmengd på omlag 5240 i 2018. Ferjekaien ved Skjersholmane vert til dagleg nytta til fylkesferjesambandet Ranavik-Skjersholmane, og tidlegare Fjelberg-Sydnes-Utbjoa-Skjersholmane. Strekinga har ein naturleg samanheng med fv. 500 på Halsnøya i Kvinnherad kommune sidan ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane vil knytte desse vegane saman.

Informasjon om dei aktuelle strekningane

Dei aktuelle vegstrekningane Statens vegvesen ynskjer å omklassifisere går frå rundkøyring ved Heiane til Skjersholmane ferjekai i Stord kommune. Tilhøyrande gang- og sykkelveg er også ein del av denne omklassifiseringa.

Det er oppgitt at omklassifiseringa gjeld følgjande vegreferansar:

- Ev39 hp50 m0 - m2728 (veg mellom Heiane og Skjersholmane ferjekai)
- Ev39 hp469 m0 - m95 (rundkøyring på Heiane)
- Eg39 hp50 m0 - m2520 (gang- og sykkelveg frå Heiane til Skjersholmane)

Dette vil sei at det er totalt 5343 meter med veg for motoriserte køyretøy og mjuke trafikantar som er foreslått omklassifisert til fylkesveg.

Ferjekaien ved Skjersholmane er knytt til ein beredskapsveg som går til ferjekai ved Valevåg. Beredskapsveg er ein strekning som ikkje er open for allmenn trafikk, men som berre blir opna når ein vil leie trafikken til ein annan veg dersom hovudvegen skulle bli stengd. I dette tilfellet er beredskapsvegen eit ferjesamband som settast opp ved stengt Bømlafjordtunnel.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang i samband med denne omklassifiseringssaka følgjer veglova § 7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Fylkeskommunen skal her uttale seg, men det er Vegdirektoratet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av riksveg.

Statens vegvesen si vurdering opp mot gjeldande reglar for funksjonsfordeling av vegnettet

Statens vegvesen har i samband med saka gjennomgått E39 sin funksjon opp mot dei gjeldande reglane for funksjonsdeling av vegnettet. Desse reglane gjeld for riksveg.

Gjeldande reglar for funksjonsfordeling av vegnettet

I St.prp. 72 (2008-2009) er det tatt med følgjande om kva for vegar som skal vere riksvegar etter at reforma er gjennomført:

Stamvegnettet i dag (2010) skal framleis vere riksveg. Det er vidare lagt til grunn at vegar og ferjesamband på anna riksvegnett framleis skal vere riksveg og riksvegsamband, dersom dei har funksjon som:

1. Kopling til nasjonale knutepunkt.

2. Kopling til større byområde, viktige interregionale vegar og viktige riksvegar mot nabolanda.
3. For å sikre eit samanhengande nasjonalt transportnett vil det framtidige Riksvegnettet omfatte dagens stamvegnett, nokre få strekningar av dagens riksvegnett og nokre kortare strekningar av dagens fylkesvegar og kommunale vegar.

Deira vurdering er at vegstrekninga til dagleg har ein funksjon som tilseier at den bør vere klassifisert som fylkesveg. Omkøyringsveg er slik Statens vegvesen kan sjå ikkje ein funksjon som tilseier at vegen skal ha riksvegstatus jamfør gjeldande reglar for funksjonsfordeling av vegnettet.

Grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar

Til orientering blir det brukt gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar når det er behov for å skilje mellom desse vegane.

Gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av brev frå Samferdselsdepartementets til fylkeskommunane av 26. mars 1985:

«a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar) Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene

b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar) Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning

c. Spreidtbygde - / gravgrendte områder Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område.»

I den tidlegare utgåva av handbok N100 kap. A.4 er samlevegar og tilkomstvegar definert slik:

«Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydelar, og bindeledd mellom atkomstveger og øvrige hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings- og fordelingsfunksjon. Atkomstveger gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»

Vedtakskompetanse

Veglova § 7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjeriing av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjeriing av fylkesveg.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ein omklassifisering av strekningane vil for fylkeskommunen medføre økte kostnader knytt til drift- og vedlikehald, og kostnader knytt til forvaltning av infrastruktur og eigedom relatert til desse strekningane. Også kostnader knytt til grunnverv kan komme ved endring av veghaldar. Samstundes kan det gi grunnlag for meir i rammetilskot sidan eit kriterium for rammetilskot er delvis basert på talet av den totale mengde med kilometer fylkesveg som fylkeskommunen har.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Før eit vedtak etter veglova § 7 fjerde ledd kan bli satt i verk skal strekningane, for veg som skal bli omklassifisert, samsvare med dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13. Dette medfører at aktuelle strekningar vil bli reparert etter NA-rundskriv 97/13, og ein vil då få ein veg som vil tilfredsstillende dei tekniske krava gitt i rundskrivet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser at strekningane med dei oppgitte vegreferansane ikkje lengre har ein funksjon som tilseier at dei bør vere klassifisert som riksveg. Vidare er fylkesrådmannen einig i at det ikkje er tilstrekkeleg at veg som fører fram til beredskapsveg, ved eit eventuelt behov for omkøyning, er ein funksjon som gjer at vegstrekningane bør ha riksvegstatus.

Det er vurdert av fylkesrådmannen at kriterium for grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar tilseier at strekningane bør ha fylkesvegstatus. Bakgrunnen er at dei oppgitte vegreferansane fungerer som ein samleveg for tilkomst til bustadområde og næring lokalisert langs strekninga frå Heiane til Skjersholmane. Vidare blir vegen ført fram til Skjersholmane ferjekai og fylkesvegferjesambandet Skjersholmane - Ranavik, og til fv. 500 på Halsnøy i Kvinnherad. Frå Skjersholmane er det også ein beredskapsveg fram til kai ved Valevåg.

Dei oppgitte vegreferansane i samband med omklassifiseringa ligg til orientering delvis i tettstad med over 5000 innbyggjar og delvis i spreiddbygde område. Slik fylkesrådmannen kan sjå vil difor punkt a. og c. vere tilfredsstilt i kriterium for grensedraging for kommunale og fylkeskommunale vegar sidan vegen sin funksjon vil vere ein samleveg, og Skjersholmane ferjekai er ein kai av regional betydning.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå at dei nemnde vegstrekningane, frå rundkøyning ved Heiane til Skjersholmane ferjekai vert omklassifisert til fylkesveg.

Fylkesrådmannen føresett at ein omklassifisering av strekningane samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd.